

Bondeposten 2/2019

Informasjonsskriv frå Hjelmeland kommune, Plan og forvaltning, nr 2/19.

25.årgang. Ansvarleg redaktør: Haldis K. Nilsen, redaksjon: Torborg Kleppa, Anne Kari Skogerbø, Kristofer Tveiterå. Foto: Anne Kari Skogerbø.

Innholdsoversikt

1 Produksjonstilskot

1.1 Areal

1.2 Sauer og lam

2 Driftsenter

3 RMP 2019 - Regionalt miljøtilskot

4 Sett av ei Vipestripe med Regionalt miljøtilskot

5 Tilskot til trua naturtypar og artar

6 Offentleg erstaning dekker berre delar av tapet etter skadegjerarar i plantekulturar

7 Erstaning om avlingsskade

8 KURS

8.1 Autorisasjon plantevern

8.2 Autorisasjon gnagermidler

8.3 Bli med på juletresafari

8.4 Kurs i sosiale medier

1 Produksjonstilskot

Søknadsfrist for produksjonstilskot er 15. oktober. Dei ordningane som du ikkje kan gjere etterregistreringar i, kan du korrigere innan 29. oktober dersom du har søkt innan fristen.

Når det gjeld produksjonstilskot er her fleire tal som ikkje er klare/endelege ennå, MEN du MÅ søkje innan søknadsfrist, og så kan du etterregistrere eller gjere endringar seinare.

Etterregistrering innan 10. januar gjeld bla. sauer og lam på utmarksbeite, du oppgir kor mange som er slept på beite og kor mange dyr du har fått heim til no (ikkje alle dyr er komne frå heia ennå), det gjeld omsette frukt, her søker du på arealet nå (alt frukta er ikkje hausta og i alle fall ikkje omsett ennå), avløysarrefusjon (her kan ein ha avløysarutgifter ut heile kalenderåret, men ta med det som er dokumentert til no).

Ein kan få refundert avløysarutgifter ein har dokumentert til avløysar gjennom avløysarlag, avløysar ein sjølv har arbeidsgivaransvar for, eller avløysing der ein har kjøpt tenesten av andre føretak. Eksempel på kjøp av teneste frå andre føretak kan vere saueklipping, slått og rundballing mm. Arbeid som du som bonde sjølv kunne gjort. Faktura på tenesten må vere spesifisert på kva som er arbeid – du kan ikkje nytte heile fakturaen på rundballing og i den prisen er både mann og maskin og rundballeplast mm.

1.1 Areal

Sjekk i kart - du kan trykke på "link til" på kvart enkelt gnr/bnr du disponerer i søknaden, og sjå om arealet stemmer med det du oppgir i søknaden. Du vil få feilmelding dersom desse tala ikkje stemmer overeins.

Dersom du har endra areal, ferdig med dyrking, rydda meir beite, bygd på jordbruksjord, areal har grodd att mm, så gi beskjed til kommunen som må synfare/godkjenne endring i areal.

Dersom kommunen ikkje har vore før søknadsfrist, eller kommunen har vore der men du har ikkje fått oppdatert kart ennå, skriv merknad til saksbehandlar/kommunen langt bak i søknadskjema om at du har endring i areal. Då kan komunen gjere endringar i søknaden i tråd med endring av kart når me saksbehandlar søknaden. Utan slik merknad har me ikkje rett til å gjere endringar.

1.2 Sauer og lam

I saksbehandlinga får kommunen opp varsel dersom her er slakta få lam no i haust, i forhold til tal sauer du oppgav i søknaden 1. mars.

Eit slik «misforhold» kan skuldast at du ikkje har sendt lam til slakt ennå i haust, det kan vere at du hadde mange påsett lam i vår som ikkje er para, det kan vere du held att ein del livlam til påsett eller slakt seinare i haust/vinter. MEN dette kan ikkje kommunen vite. Det er difor greitt at du skriv ein merknad om dette bak i søknadskjemaet dersom du veit at ditt dyretal og slaktetal kan kome til å gi eit slik varselmelding. Kommunen har ei stund på saksbehandling, så det kan godt hende at du leverer ein del lam i perioden mellom søknadsfristen 15.10 og kommunen sin saksbehandlingsfrist, og at ein til den tid ikkje får varselmelding. Men det er uansett greitt med ein liten kommentar om dette i søknaden.

Det står på nettsida når ein kjem inn til skjema: «Det elektroniske søknadsskjemaet er ikke tilpasset utfylling med nettbrett eller mobil.»

2 Driftsenter

Denne søknadsomgangen får du spørsmål om å bekrefte om driftssenteret ditt er rett. Kva er driftssenteret? Viss du har husdyrproduksjon i fleire driftsbygningar, er driftssenteret den bygningen som står for den største omsetninga i løpet av året.

Det er den bygningen dyra er i størstedelen av året, som er driftssenteret. Sjølv om du har dyra på setra om sommaren, er ikkje setra driftssenteret ditt.

Du må kontrollera at forvaltninga har registrert driftssenteret ditt på rett bygg. Er det feil, skal du oppgi det rette driftssenteret inne i søknaden om produksjonstilskot.

3 RMP 2019 - Regionalt miljøtilskot

Søknadsfrist for RMP er 15. oktober. Dersom du søker etter søknadsfrist får du kr 1000,- i avkorting pr dag du er etter søknadsfristen.

Her er ein ny programperiode for RMP som gjeld fom 2019. Her er nokon nye ordningar, endring i vilkår for eksisterande ordningar, og nokon ordningar som er tatt ut.

Difor må ALLE teikne inn det ein søker tilskot til på NY i kartet. Ein kan ikkje importere det ein søkte på tidlegare år. Det kan difor hende du ønskjer hjelp til søknaden. De kan søkje frå 1. august, og søknadsfristen er 15. oktober. De kan anten søkje digitalt via Altinn, eller levere papirsøknad til landbrukskontoret. Saksbehandling og kontrollar er enklare om de søker digitalt.

Nokre endringar:

- Tilskot til organisert beitebruk – tilskot pr sleppt dyr, ikkje pr heimsanka
- Tilskot til beiting i verneområde og sikra friluftsområde er tatt bort
- Tilskot til beiting av verdifulle jordbrukslandskap bla i Lysefjorden blir utmålt pr da jordbruksjord
- Det er mogleg å søkje tilskot til skjøtsel av slåttemyr
- Det er ikkje lengre krav om skjøtelsplan for kystlynghei, nå gjeld ordninga og C-områda
- Skjøtsel av kydestuvar blir berre gitt det året trea blir kydla, ikkje årleg tilskot lengre
- Nytt frå 2019 er tilskot til soner for pollinerande insekt
- Stølsvegar i utmark, eller turstiar i skogplantefelt er ikkje lengre ein del av tilskotsordninga «vedlikehald av turstiar»
- Det er redusert krav til breidde or ugjødsla soner ved vassdrag (gjeld Hetlandsvatnet i Hetlandsbygda).
- Hjelmeland kommune er i 2019 framleis ikkje med i ordninga med miljøavtale eller miljøvenleg gjødselspreiing

Regionalt miljøtilskot til pollinerande insekt – ny ordning fom 2019:

Fylkesmannen skriv 12.03.2019: bønder som legg til rette for pollinerande insekt kan få inntil 5000 kr i regionalt miljøtilskot. Dei må anten så i eigna frøblandingar på dyrka mark, eller skjøtte areal som har ei blanding av plantar som gir næring for pollinatorane gjennom vekstsesongen. Tilskotet blir gitt per meter sone, og breidda på sona må vere minst to meter. Vegetasjonssone langs vassdrag kvalifiserer ikkje for tilskot. Dei areala som er best eigna er relativt tørre område på næringsfattig jord med god kalktilstand.

Skjøtelsråd

- Ingen bruk av kjemiske plantevernmidlar, mineralgjødsel eller husdyrgjødsel.
- Slå arealet etter at dei viktigaste blomane har avblomstra, normalt i juli – august. Er sonene tresatt må det nyttast ljå, ryddesag og liknande.
- La plantematerialet ligge i 2 – 4 dagar etter slått, men fjern det frå arealet etterpå.
- La gjerne området bli beita om hausten.

- Det er viktig å ta vare på treslag som er gode matkjelder; lind, selje, rogn, hegg m.fl
- Framande artar må fjernast.
- Dersom det blir brukt frøblandingar, må dei ikkje innehalde framande artar med stor spreingsfare.

For RMP er 31. juli registreringsdato. Kydlestuvar som er kylte i år innan den tid, turstiar som er merka og skilta innan denne dagen, areal som er i drift på denne tida mm kan søkjast om.

4 Sett av ei Vipestripe med Regionalt miljøtilskot

Målet er å få fleire vipeungar på vingene gjennom tiltaket "ei stripe for ei vipe".

I 2020 blir det mogleg for alle landbruksføretak i Rogaland å søke på Regionalt miljøprogram sitt Vipetilskot. Det blir gitt tilskot til å sette av ei pløgd sone dyrka mark til hekking for vipene i intervallet 10. mars til 1. juni. Dei interesserte må melde ifrå til kommunen før 15. oktober i år.

Vipa blir stadig pressa for areal og treng hjelp frå bonden. Om du vil vere med på å tilretteleggje for at den trua vipa på ditt bruk kan du i 2020 søke om Regionalt miljøtilskot for å sette av ei Vipestripe. I 2019 er ordninga kun for Time kommune, men i 2020 blir ordninga utvida til heile fylket. Bønder som ønskjer å vere med må ta kontakt med landbrukskontoret i sin kommune, og uforpliktande melde sin interesse innan 15.oktober. Det er lurt å vere ute i god tid med planlegging.

Vipestipa skal vere pløgd før 10.mars og ligge i tilknytning til innmarksbeite. Den skal ligge urørt fram til 1.juni. Det må vere minst 2 dekar samanhengande område i ei Vipestripe. Det blir ikkje gitt tilskot for meir enn 20 dekar.

5 Tilskot til trua naturtypar og artar

Medan regionalt miljøtilskot (RMP) er øymerka bønder som driv aktivt jordbruk, så kan grunneigarar, privatpersoner, organisasjonar m.fl. søkje Miljødirektoratet om tilskot til skjøtsel av trua naturtypar og artar. Her er etablering av leveområde for ville pollinerande insekt eit av mange tiltak som kan få støtte.

[Meir informasjon finn du på heimesida til Miljødirektoratet.](#)

6 Offentleg erstaning dekker berre delar av tapet etter skadegjerarar i plantekulturar

Fylkesmannen i Rogaland skriv 04.07.2019

Dersom Mattilsynet gjer pålegg om å destruera planter etter funn av ein alvorleg skadegjerar, kan den offentlege erstatningsordninga dekkja delar av det økonomiske tapet. Men den offentlege erstatningsordninga dekker ikkje det tapet ei privat forsikringsordning kunne dekt.

Dersom du får ein alvorleg skadegjerar i plantekulturen din, kan Mattilsynet fatta vedtak om at du må gjere tiltak som kan hindra at skadegjeraren spreier seg. Naudsynte tiltak kan til dømes vera å destruera planter, fjerne jord eller anna vekstmedium, og sanera bygg og utstyr. Mattilsynet kan fatta slike vedtak både i frilandskulturar, i veksthus og i planteskular. Slike vedtak frå Mattilsynet kan føra til store økonomiske tap for verksemda. Me har difor ei offentlig erstatningsordning som skal redusera belastninga i slike tilfelle.

Viktig å vurdera privat forsikring

Regelverket slår fast at dersom søkar har eller kunne hatt privat forsikring som heilt eller delvis overlappar dei tapa som kan dekkast av den offentlege erstatningsordninga, skal forsikringsutbetalinga trekkast frå ved berekning av erstatning. Det spelar altså ikkje noko rolle om du faktisk har teikna ei slik forsikring! Dersom det finnes ei forsikringsordning på marknaden, kan utbetalinga du kunne ha fått dersom du hadde hatt denne forsikringa bli trekt frå før offentlig erstatning bereknast.

Det er difor viktig å få oversikt over om, og kva slags, forsikringsordningar som finnes for di type verksemd. Det er opp til verksemda å vurdera om ei slik forsikring skal teiknast, men det er viktig å vera klar over at den offentlege erstatningsordninga ikkje vil dekkja meir dersom du vel vekk ei slik forsikring. Vel du å ikkje ha ei privat forsikring for pålegg frå Mattilsynet ved funn av alvorlege skadegjerarar i planteproduksjonen, kan resultatet bli at du må ta ein vesentleg større del av tapet på eiga kappe.

Flest erstatningssaker i veksthus og planteskular i Rogaland

Privat forsikring mot tap etter pålegg frå Mattilsynet ved funn av skadegjerarar finnes for både frukt- og bærkulturar, andre frilandskulturar, planteskular og veksthus. I Rogaland har dei fleste erstatningssakene dei siste åra vore i kjølvatnet av skadegjerarar i veksthus eller i planteskular. For denne type bedrifter er det ikkje mange private forsikringsaktørar å velje mellom. Faglaga har forsikringsavtaler for medlemmane, og det er mogleg å kontakta dei for å høyre kva slags forsikringsordningar som er omfatta av avtala.

7 Erstatning om avlingssskade

Avlingssvikten må ha ei klimatisk årsak som det ikkje er mogleg å sikre seg mot. Erstatning føresett at det er godt dokumentert at det er ein klimatisk skade som er årsak til avlingssvikten. Årsaker kan vere tørke, flaum og frost eller haglskader i frukt. Du må melda i frå til kommunen at du har skade, og søknadsfristen er 31. oktober.

8 KURS

8.1 Autorisasjon plantevern

NLR Rogaland arrangerer følgende kurs i autorisasjon for kjøp og bruk av plantevernmidler i haust/vinter:

- Teori, både fornying og bevis for første gong
- Alternativ til dag:
 - 7. november, Bryne
 - 19. november, Bryne
 - 21. november, Finnøy
 - 9. januar, Bryne
- Praksisdag, berre bevis første gong.
- Alternativ til dag:
 - 28. november, Bryne
 - 4. desember, Finnøy
 - 29. januar, Bryne

Skjema for påmelding til kurs på Bryne og Finnøy.

- Det blir og kurs på Haugalandet og Helleland, sjå datoar.

På rogaland.nlr.no finn du meir informasjon om kursa. Det er bindande påmelding innan 10 dagar før kursstart til Norsk Landbruksrådgiving Rogaland.

8.2 Autorisasjon gnagermidler

Føresetnaden for å få slik autorisasjon er at ein:

- har gått på tilleggskurs for gnagerbekjemping og har bestått eksamen
- eig eller leiger ein landbrukseigedom
- har gyldig plantevernmidlautorisasjon

Kurs på:

- 17. oktober, Helleland
- 15. oktober, Særheim
- 18. oktober, Strand - Vaulali
- 26. november, Ølen
- 5. desember, Haugesund

Påmelding til NLR Rogaland på heimesida til NLR, eller telefon til Arnfinn Særheim 975 28 555.

8.3 Bli med på juletresafari

Markedet etterspør norske juletrær, og fleire kan godt tenke på å starte med juletreproduksjon.

Lørdag 26. oktober kl. 12-14 hjå Vidar Garheim, Fundingslandsvegen 859, 4130 Hjelmeland.

Målgruppe: Potensielle juletreprodusenter og andre interesserte.

Ingen påmelding eller deltakeravgift.

Ta med gode sko og klær, vi skal være ute hele tiden.

Kontaktinformasjon:

Bedriftsutvikling i Ytre Ryfylke

Kari Sand

Telefon: 950 31 190

E-post: kari.sand@strand.kommune.no

8.4 Kurs i sosiale medier

Kurset er for bønder, etablerarar og gründerar som treng ei innføring i korleis ein kan marknadsføre bedrifta/garden sin ved hjelp av Facebook og Instagram.

Kurset er 28. november, Jørpeland.

[For meir informasjon og påmelding skape.no](http://skape.no)